

Kor vart jentebarna av i fortidas Europa?

Sjølv i dag finst det samfunn der kvinner og jenter blir sett på som mindre verdifulle enn menn. Dette fører ofte til diskriminering som ulik lønn for likt arbeid og til vald i heimen. Forskingsprosjektet "Savnede jenter" utforskar kjønnsdiskriminering i Europas historie. Målet er å få på plass tiltak som kan forbetre situasjonen i dagens utviklingsland.

et gammelt bilde av en fattig russisk familie

Her er ein russisk familie på 1890-talet. Biletet er henta frå Francis B. Reeves' bok "Russian then and now, 1892–1917". Dette viser korleis fattigdom og store familiar gjorde det vanskeleg å fordele dei knappe ressursane. Viss preferansen for søner var sterk, vart gutane prioriterte.

Kjønnsdiskriminering, som kjønnsselektiv abort, barnedrap og alvorleg forsømming av unge jenter, er eit stort problem i mange utviklingsland i dag og har resultert i millionar av "sakna jenter". Fenomenet "sakna jenter" er særleg vanleg i Sør-Asia, Afrika og Kaukasus. Sidan desse praksisane også fanst i fortidas Europa, men forsvann på midten av 1900-talet, er det viktig å forstå kvifor dei oppstod og kvifor dei forsvann.

– Denne kunnskapen kan hjelpe utviklingsland med å forme ut ein betre politikk. Det er også viktig å undersøkje dette fenomenet frå eit historisk perspektiv, sidan det praktisk talt var eit ukjent fenomen tidlegare, forklarar Francisco Beltrán Tapia, professor ved NTNU.

["Savnede jenter" er eit stort forskingsprosjekt ved NTNU](#). Her har forskarar undersøkt talet på jentebarn og gutabarn i europeiske land i ein periode på 250 år. Prosjektet har fått 9,8 millionar kroner i FRIPRO-støtte frå Forskningsrådet.

Her er det bilete av ei mor som leverer barnet sitt til barneheimen i Athen, følgde av ein politimann, i Athen, 1945–1946. Biletet er teke av fotografen Voula Papaioannou, og finst i Benaki Museumets arkiv. Dette illustrerer det utbreidde fenomenet med barneforlating. I Hellas vart mange fleire jenter forlatne enn gutar.

praksisane som bidrog til høg kvinneleg dødelegheit tidleg i livet. I område som Sør- og Aust-Europa var det langt færre jenter enn forventa. Til dømes, i Hellas på 1930-talet mangla heile fem prosent av alle jentene. Gutar vart rett og slett rekna som meir verdifulle enn jenter.

– Gutane kunne skaffe seg arbeid og bidra til økonomien til familien. Jenters og kvinners arbeid i heimen vart ikkje verdsett eller rekna som økonomisk lønnsamt. Hellas har historisk sett vore eit patriarkalsk samfunn der menn har hatt ei dominerande rolle både i familien og i samfunnet. Denne kulturelle verdsettjinga av menn over kvinner forsterka at det rett og slett var betre økonomi å favorisere søner, seier Tapia.

Ujamn fordeling av ressursar

I tillegg til dette med direkte vald, vart også ressursane ujamnt fordelte mellom kjønna. I periodar med ekstremt høg dødelegheit, fekk gutar både meir mat og omsorg, noko som hadde dramatiske konsekvensar for om jentene overlevd eller ikkje. Dette viser at sjølv indirekte diskriminering, som å gi jenter mindre mat og omsorg, kunne ha dødelege konsekvensar.

– Jenter fekk ofte mindre og dårlegare kvalitet på maten, noko som gjerne førte til underernæring. Dermed vart dei meir sårbare for sjukdommar og infeksjonar, og dei hadde mindre sjanse for å overleve i periodar med sjukdomsutbrot. Ettersom jenter ofte vart oversette eller fekk minimalt med omsorg, auka risikoen for dødelegheit,

Færre jenter i Sør- og Aust-Europa

Gjennom prosjektet har forskarane avdekt at kjønnsselektiv abort og spedbarnsdrap ikkje berre var avgrensa til dagens utviklingsland som Kina og India, men også fanst i Europa, frå cirka 1750 til 1950.

Kjønnsselektiv abort og spedbarnsdrap var blant dei

seier Tapia.

Bilde av eit spansk "dødsregister" frå 1800-talet, som også er arkivmateriale frå "Archivo Provincial de Zaragoza, Spania". Arbeidet vårt med slike register viser at dødelegheita blant jenter tidleg i livet var høgare enn ho burde ha vore. Dette er eit døme på kjelder vi har brukt for å oppdage at det var færre overlevande jenter enn det som skulle vore normalt.

Konsekvensane av historiske praksisar

Historisk sett har kulturelle praksisar som medgiftssystemet bidrege til diskrimineringa av jenter. Medgift gjorde jenter til ei økonomisk byrde for fattige familiar, noko som førte til høgare førekomst av kjønnsselektiv abort og spedbarnsdrap. I Hellas, som i mange andre land med liknande system, vart søner favoriserte, fordi familiane måtte betale medgift for å få gifta bort døtrer. Dette økonomiske presset gjorde at mange familiar føretrekte søner, som ikkje kravde slike kostnader ved ekteskap.

Over tid, med auka urbanisering, økonomisk utvikling og sosiale reformer, byrja desse praksisane å minke i Europa. Betre tilgang til utdanning og arbeidsmoglegheiter for kvinner utanfor heimen, bidrog til å auke verdien deira i samfunnet. Dessutan bidrog sosiale reformer og politiske tiltak til å redusere ulikskapen i ressursfordelinga mellom gutar og jenter.

to små gutter med et gevær, gammelt bilde

Bildet er frå den greske fotobok-samlinga "Picture Bible of Mani" av G. Vourlitis. Det klargjer ein annan dimensjon av kvifor søner vart føretrekt i konfliktfylte samfunn: gutar som forsvararar.

Viktige tiltak for å redusere kjønnsdiskriminering i dagens utviklingsland

Forskarane i prosjektet har avdekt at mangel på arbeidsmoglegheiter for kvinner, medgiftssystemet og skikken med at kvinner flyttar til familien til ektemannen

svekkjer kvinners posisjon. Desse problema blir forverra av fattigdom, ettersom menn og gutar blir prioriterte når ressursane er avgrensa.

– Ved å forstå dei kulturelle og økonomiske årsakene til kjønnsdiskriminering og kvifor desse praksisane oppstod og forsvann i Europa, kan vi trekkje parallellar til dagens situasjon i utviklingsland. Med denne kunnskapen kan vi forme ut effektive tiltak for å redusere kjønnsdiskriminering og sikre at alle barn, uansett kjønn, får like høve til ernæring, medisinsk behandling og omsorg, avsluttar Tapia.

Viktig informasjon
Til [utlysingane med søknadsfrist 30. april](#) kl. 13.00 betener vi vakttelefonen +47 22 03 72 00 måndag 28. april og tysdag 29. april kl. 08.00–15.45 og onsdag 30. april kl. 08.00–13.00.